



## Regionale miljøtilskot – søknadsfrist 15. oktober 2021

Alle som har rett til produksjonstilskot kan også søke om regionalt miljøtilskot. Det vert opna for å søke frå og med 15. september. Fristen for å sende søknad er 15. oktober. Ved for seint levert søknad blir det eit trekk på 1 000 kr pr. dag levert etter fristen, inntil 14 dager etter fristen. Beitelag har eigen frist; 15. november.

Denne informasjonen blir distribuert via kommunane. Den inneheld kortfatta informasjon om tiltaka det kan søkast om tilskot for i miljøprogrammet. Meir utfyllande informasjon om vilkår og satsar ligg på heimesida til statsforvaltaren, <https://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Regionale-miljotilskot/>, eller kommunen kan kontaktast. Sjå også på heimesida til Landbruksdirektoratet om generell informasjon.

### Slik søker du

Det må søkast via internett. Start gjerne på heimesida til Landbruksdirektoratet der du finn opplysningar om RMP på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/regionalt-miljotilskudd-rmb> samt lenke til søknadsskjema <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/soknad-om-regionalt-miljotilskudd/> Den fører til innlogging via Altinn og deretter rett til søknadsskjemaet.

Opplysningar om føretaket er utfylt på førehand. Det vil vere mogleg å importere kartopplysningar frå søknaden i fjor.

**Pass på å trykke på knappen «Send» når søknaden er ferdig utfylt og sjekk at du får kvittering for at søknaden er sendt.**

Dersom det ikkje er mogleg for deg å søke elektronisk, kan kommunen hjelpe. Søk i god tid, det er alltid noko som kan skjere seg siste dagen.

## Tiltaka du kan søke på i Møre og Romsdal

### Miljøtema 1: Kulturlandskap

#### Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap

Formålet er å stimulere til vidare drift i område med særskilt verdifullt kulturlandskap. I Møre og Romsdal er det 12 område som har status som slikt landskap. Sjå i miljøprogrammet om dei ulike områda og avgrensingane. Det er ikkje gjort endringar samanlikna med tidlegare år i kva for område som kjem inn under ordninga, jf. [lenke til kart](#). Vi gjer merksam på at gamle kommunenamn er brukt i desse karta, men områda er dei same. Skjøtselen må skje ved slått minimum 1 gong i løpet av vekstsesongen. Berre beiting er ikkje tilstrekkeleg.

Førebels sats: kr 125 pr. daa.

### **Skjøtsel av bratt areal**

Formålet er å sikre framleis drift på bratt jordbruksareal. Det må vere minimum 5 daa med hellingsgrad 1:5 eller brattare. Skjøtselen må skje ved slått. Det er viktig at areala blir fordelt riktig i henholdsvis 1:3 og 1:5 ut frå kartfiguren når ein skal søke.

Førebels sats: kr 240 pr. daa.

### **Drift av beitelag**

Beitelag som utnyttar utmarksbeite gjennom organisering av tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområda, kan søke om tilskot til sankta dyr. Beitelag må søke innan 15. november. Laga må vere registrert i Enhetsregisteret. Kommunen godkjenner nye lag. Tilskotet blir utmålt pr. dyr sleppt på utmarksbeite.

Førebelse satser: kr 15 pr. sau, lam, ammegeit og kje. Kr 20 pr. storfe og hest.

## **Miljøtema 2: Biologisk mangfald**

### **Slått av slåttemark**

Formålet er å stimulere til skjøtsel av verdifulle, artsrike slåttemarkar, for å oppretthalde biologisk mangfald og andre kvalitetar. Det er m.a. stilt krav til registrering som utvald naturtype slåttemark med verdi A eller B i Naturbase. Arbeidet må gjerast i tråd med skjøtelsråd gitt av Statsforvaltaren.

Førebels sats: kr 1 000 pr. daa.

### **Skjøtsel av kystlynghei**

Formålet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom beiting. Området må vere registrert som kystlynghei med verdi A eller B i Naturbase. Det må vere minimum 10 daa kystlynghei pr. sau over 1 år. Det må ligge føre skjøtelsavtale med Statsforvaltaren.

Førebels sats: kr 150 pr. sau over 1 år. Maksimalt tilskot pr. søknad kr 50 000.

### **Tilrettelegging av fuglebiotopar**

Formålet er å bidra til bevaring av trua fugleartar. Fugleartar som hekkar i slåttemark står i fare for å bli utrydda. Tidleg slått kan øydelegge både reir, fuglar og ungar. Både åkerrikse, vipe, storspove og grashoppesangar er artar som er registrert som trua i Møre og Romsdal. Tiltaket er å utsette slåttene rundt hekkeplassen. Det må ligge føre avtale med miljøvernavingdelinga hos Statsforvaltaren om tiltaket i kvart enkelt tilfelle.

Førebels sats: kr 2 000 pr. daa.

## **Miljøtema 3: Kulturminner og kulturmiljøer**

### **Drift av seter med mjølkeproduksjon og levering til meieri**

Formålet er å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane. Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller deler av mjølkeproduksjonen på seter i minst 6 veker i sommarhalvåret. Det må produserast minimum 45 liter kumjølkk eller 25 liter geitemjølkk pr. døgn.

Førebels sats: kr 50 000 pr. seter.

Når fleire samarbeider om seterdrifta, skal tilskotet delast på deltakarane i fellessetra. Alle må føre opp same tal deltakarar i søknaden. Tilskotet blir fordelt på kvar deltakar.

### **Drift av seter med mjølkeproduksjon og eigen foredling**

Dette er eit tilskot til dei som driv seterdrift med mjølkeproduksjon, og som foredlar mjølka ved t.d. ysting eller kinning. Øvrige vilkår er seterdrift i minst 6 veker, produksjon av minimum 45 liter kumjølkk eller 25 liter geitemjølkk pr. døgn og mjølka skal foredlast på setra. Produksjonen må vere godkjent av Mattilsynet.

Førebels sats: kr 70 000 pr. seter.

Når fleire samarbeider om seterdrifta, skal tilskotet delast på deltakarane i fellessetra. Alle må føre opp same tal deltakarar i søknaden. Tilskotet blir fordelt på kvar deltakar.

### **Skjøtsel av gravminne**

Formålet er å synleggjere automatisk freda gravminne som viktig ressurs for identitet, kunnskap og oppleving. Gravminna må vere registrert i «Askeladden», Økonomisk kartverk eller fylkeskommunen sitt arkeologiske arkiv. Gravminna må vere synlege på overflata og ligge på eller inntil jordbruksareal. Gravminna må skjøttast ved slått eller beiting, og kan ikkje vere sterkt skada eller øydelagde. Førebels sats: kr 1 000 pr. gravminne. Det kan givast tilskot til inntil 20 gravminner pr. føretak.

## **Miljøtema 4: Avrenning til vatn**

### **Ingen jordarbeiding om hausten**

Formålet med tilskotet er å stimulere til å hindre erosjon frå opent åkerareal om hausten og vinteren. Denne ordninga gjeld berre for areal der det blir dyrka korn i nedslagsfeltet til elvane Surna, Driva og Rauma.

Førebels sats: kr 160 pr. daa.

### **Grasdekt kantsone i åker**

Formålet med tilskotet er å stimulere til at det blir etablert kantsoner mellom åkerareal og vassdrag som er grasdekt, for på den måten å redusere erosjon og avrenning frå åkerarealet. Tilskotet gjeld for areal der det blir dyrka korn, poteter eller grønsaker i same område som for 'ingen jordarbeiding om hausten' samt for Smøla. Vilkår for ordninga er at sona har ei breidde på minimum 8 meter rekna frå vassdraget ved normalstand. Minst 6 meter må ligge på fulldyrka areal. Vekstane må vere godt etablert om hausten i søknadsåret og areala skal ikkje gjødslast eller sprøytast men må haustast, beitast eller beitepussast kvart år.

Førebels sats: kr 160 pr. meter.

### **Vedlikehald av fangdammar**

Formålet med tilskotet er å stimulere til vedlikehald av fangdammar og skjøtsel av vegetasjonen rundt, slik at fangdammen fungerer effektivt. Effekten av ein fangdam går ned etter kvart som sedimentasjonskammeret blir fylt opp. Vilkår for ordninga er at dammen blir tømt ved behov slik at renseeffekten er tilfredsstillande. Tilskotet kan bevilgast årleg.

Førebels sats: kr 5 000 pr. daa fangdam.

## **Miljøtema 5: Utslepp til luft**

### **Spreiing i vår-/vekstseson**

Formålet er å redusere utslepp av næringsstoff til luft og redusere avrenning til vatn og vassdrag. Tilskot kan gjevast til føretak som spreier all husdyrgjødsel på arealet sitt seinast 10. august. Vilkår er spreiiing av minimum 5 kg total-N pr. daa og at avlinga blir hausta etterpå. Noteringar må vise skifte, spreiedatoar og gjødselmengder. Dette tiltaket kan ikkje kombinerast med å søke om tilskot til bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr.

Førebels sats: kr 55 pr. daa.

### **Bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr**

Det kan gjevast tilskot for spreiiing av husdyrgjødsel eller biorest ved nedfelling eller nedlegging. Vilkår er spreiiing av minimum 5 kg total-N pr. daa. Arealet skal haustast etter siste spreiiing i søknadsåret. Ved nedlegging i open åker må nedmolding skje innan to timar. Dette tiltaket kan ikkje kombinerast med å søke om tilskot til spreiiing i vår-/vekstseson.

Førebels sats: kr 35 pr. daa.

### **Bruk av tilførselsslanger**

Dersom vilkåra for spreiding i vår-/vekstsesong eller bruk av nedleggings-/nedfellingsutstyr er oppfylt, kan det gjevast tilskot til areal der husdyrgjødsla blir spreidd med tilførselsslanger i staden for tankvogn.

Førebels sats: kr 65 pr. daa.

## **Miljøtema 6: Klimarådgeving**

### **Klimarådgeving**

Det kan gjevast tilskot til føretak som har gjennomført klimarådgeving i perioden frå 15. oktober i året før søknadsåret til 15. oktober i søknadsåret. Formålet er ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på garden med sikte på kunnskapsoppbygging hos bonden og å gjennomføre klimatiltak.

Tiltaksplan og kvittering for utført rådgeving må leggast ved søknaden. Den som har stått for rådgevinga må vere godkjent som klimarådgjevar av Landbruksdirektoratet. Ei oppdatert oversikt over klimarådgjevarar i fylket finn du her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/regionalt-miljotilskudd-rmb/klimaradgivere-i-ditt-fylke> Tiltaksplanen må vere i tråd med dei krav som Landbruksdirektoratet stiller til tiltaksplaner for denne ordninga.

Det kan søkast om tilskot for klimarådgeving fleire gonger. Dersom det blir søkt om tilskot i fleire søknadsomgangar, er det eit vilkår at det er utarbeidd ein ny og oppdatert tiltaksplan.

Aktuelle tiltaksklasser:

- Ein-til-ein-rådgeving med høg sats: Tiltaksplan som omfatter både husdyrproduksjon og planteproduksjon. Førebels sats: kr 6 000
- Ein-til-ein-rådgeving med lav sats: Tiltaksplan som omfatter enten husdyrproduksjon eller planteproduksjon. Førebels sats: kr 4 000
- Grupperådgeving: Tiltaksplan som er utarbeidd med bakgrunn i rådgeving retta mot to eller fleire føretak samla. Førebels sats: kr 2 000

Tilskot kan gjevast for berre ei gjennomført rådgeving per søknadsomgang.